

Saksnummer: 201102292

Kommune: Ulvik

Sakshandsamar: Steinar Pettersen

**Høyringsuttale frå Marit Aarekol grunneigar gnr./bnr. 68/2 v.**

Vestre del av eksisterande betongdam på ca kote 60 til 70 som er inntaket for dagens Ulvik Kraftverk ligg på underteikna sin grunn. I tillegg er det også ein inntakstunnel og røyrgate med tilhøyrande bygg som ligg på eidedomen. Garden har også privat vassforsyningsanlegg som hentar vatn frå eksisterande dam. Med bakgrunn i dette har eg fylgjande merknader til konsesjonssøknaden som eg ber om vert stilt som vilkår for det omsøkte tiltaket:

1. Eksisterande dam i kote 60-70 må rivast og fjernast i si heilheit, evt rivast i si heilheit og deponerast mest mogleg skånsamt lokalt. Området må så langt mogleg tilbakeførast til naturleg stand slik det var før dammen vart bygd.
2. Eksisterande tunnel for vassinntak på ca kote 70 må permanent stengast for folk og dyr i både endar.
3. Eksisterande røyrgate med tilhøyrande bygg på gnr/bnr 68/2 må fjernast i si heilheit og terrenget skal så langt det let seg gjera tilbakeførast til opphavleg stand.
4. Gnr./bnr. 68/2 har i dag privat vassforsyning frå elva med pumpehus ved dammen og inntak i sjølve dammen. Tiltakshavar skal utføra nødvendige tiltak for å sikre at dette fungerer som før. Alternativt må tiltakshavar kostnadsfritt for grunneigar etablere alternativ vassforsyning til bruket.

Med venleg helsing

Marit Aarekol

Grunneigar